

KARTET ER TEIKNA AV
↓

JOHANNES
VAN KEULEN
1690

Handel og kartlegging

Det var nederlendarane som kartla Noreg – eller nærmare bestemt norskekysten. Langs kysten ligg stadnamna tett, medan det er lite eller ingen informasjon om innlandet. Nederlendarane var dyktige handelsfolk og opptatt av gode stoppestader og utskipingshamner. Her fylte dei skipa med pels, tørrfisk, jaktfalkar og tømmer.

Tømmer var spesielt viktig for nederlendarane. Sjølv hadde dei lite eigna skog, og dei trong tømmer til skipsbygging og som fundament for hus. Slottet i Amsterdam, som opphavleg var rådhuset i byen, står på 13 659 norske tømmerstokkar.






KARTET ER TEIKNA AV
↓

HENRICUS
HONDIUS
1636

Naturressursane på Svalbard

Willem Barents oppdaga Svalbard i 1596. Her var det store mengder sel, kval og kvalross, og i 1612 starta den systematiske kvalfangsten. Som illustrasjonen på kartet viser, gjekk oljekokinga ved kvalstasjonane på Svalbard for seg under open himmel.





KARTET ER TEIKNA AV
↓

Verdskart med turistattraksjonar

Gamle kart byr ikkje berre på typisk kartinformasjon, ofte inneholder dei dessutan vakre illustrasjonar. Allegoriske illustrasjonar av månen og dei kjende planetane står øvst. Til venstre ser ein dei fire elementa og til høgre dei fire årstdidene. Nedst står dei sju underverka, som var turistattraksjonar allereie i antikken.

Frå venstre: Dei hengande hagane i Babylon, Kolossen på Rhodos, pyramidane i Egypt, Mausoleet i Halikarnassos, Artemis-tempellet i Efesos, Zevs-statuen i Olympia og Fyrtårnet på Faros ved Alexandria.

WILLEM
Blaeu
1635



KARTET ER TEIKNA AV

NICOLAUS
GERMANUS
1482

Noreg for første gong

I 1482 blei Noreg for aller første gong vist på eit trykt kart. Noreg er spissen som peikar vestover midt på kartet. Noreg er her utstyrt med fjordar, brunfarga fjell og øyer. Blant dei norske stadnamna finn vi Oslo, Stavanger, Bergen, Nidaros og Trondenes.

Nøyaktig vitskap og gamle røvarhistorier

Gamle kart inneheld langt meir enn opplysingar om målestokk, høgde over havet, topografi og

avstand. I karta gøymer det seg historier om handel og krig, og fantasifulle førestillingar om framande vesen og grufulle sjømonster. Karta er attforteljingar av målingar og observasjonar som oppdagrarar, handelsmenn, sjøfolk og eventyrarar har gjort. Dei er fødde av nøyaktig vitskap og gamle røvarhistorier. Ofte viser dei område som er ukjende for kartmakaren sjølv. Du kan sjå fleire gamle kart på nb.no.

